


Vêret

i Sogn og Fjordane:



Sognejenter kan få leiarpris for ungdom

LEIKANGER: Janne Borlaug (29) frå Leikanger og Liv Holm Heide (20) frå Sogndal er nominerte til prisen Helt Sjef.

Helt Sjef er ein arbeidslivs- og inspirasjonspris som vert delt ut til ein yrkesaktiv person under 30 år, som er eit inspirerende og initiativrikt leiaremenne. I løpet av konkurranseperioden har over 400 ungdomar frå hele Noreg blitt nominerte til prisen. Juryen har plukka ut 20 av desse som no kjempar om sigeren.

Sminke på nettet

Janne Borlaug frå Leikanger flytta til Oslo i 2007 for å bli makeup-artist. Ho starta deretter ei sminkebedrift med små oppdrag frå privatpersonar, som i dag er blitt til Makestyle AS som omset for fleire millionar kroner årleg og er ein av Norges største sminkebutikkar på nett. Janne blir stadig leigd inn for å sminka kjende personar, og ho har fått produsert eigne krølltenger og sminkepungrar.

– Janne er eit flott døme på arbeidsam ungdom med sterke leiarevne, seier Leif Frode Onarheim, tidlegare NHO-president og juryformann i Helt Sjef.

Elevorganisasjonen

Liv Holm Heide Liv er leiar i



TO FRÅ SOGN: Sogn er godt representert i konkurransen Helt Sjef. Både Liv Holm Heide og Janne Borlaug er mellom dei 20 utvalde.

(Pressefoto)

Elevorganisasjonen og representerer over 150.000 elevar i viktige saker. Ho brenn for elevane og deira rettar.

Engasjert ungdom

– Me treng ei slik stemme i samfunnet, og dette har ho klart eksemplarisk gjennom sitt verv som leiar i Elevorganisasjonen og nettverket ho har bygd opp der,

meiner juryen.

Dei ti kandidatane som får flest stemmer, blir vurderte av ein fagjury, som til slutt kårar ein vinnar. I juryen sit tidlegare NHO-president Leif Frode Onarheim, Paralympics-utøver Birgit Skarstein, motegründer Simen Staalnacke og Christina Nergaard i JobbUnder18.

– Dei som er nominerte til Helt sjef, er personar som er

engasjert, har skaparkraft og leiarevne. I så måte er Janne, Liv og dei andre nominerte gode førebilete for både vaksne og unge, seier Birgit Skarstein.

10.000 kroner

Det er ungdomsmagasinet Spirit, McDonald's og fag- og interesseorganisasjonen Lederne som står bak Helt

sjef. Vinnaren vert kåra i Oslo i juni.

Vinnaren får 10.000 kroner, ei inspirasjonsreise, samt eitt års oppfølging med leiarcoachen Alf Inge Stiansen, vert det opplyst i ei pressemelding.

Avstemminga går føre seg på nettet fram til 10. juni.

Mariann Skau
mariann@sognavis.no

ALT I BYGGEVARER, TRELAST, MUR OG BETONGVARER

Besøk vårt lager, be om tilbud!

NEUMANN BYGG

& 57 67 75 20 – Fax: 57 67 85 85

IZY
Hondas mest selde grasklippar
– med bioklipp inkludert i prisen!
Veil. pris medbioklipp kr. 6.495,-
No kr. 4.995,-
Tilbodet gjeld så lenge lageret rekk
• AK • Hillestad Traktorservice
Tlf. 57 68 43 40
• SERVICEVERKSTAD • INNBYTTE • FINANSIERING

Skadesenteret Sogn AS
Skade på bilen?
• Rute-reparasjon • Karosseri reparasjonar
• Rute-skift • Lakkering
• Taksering av skader
Telefon 57 62 70 60 E-post: post@skadesenteretsogn.no

Løysing SUDOKU:

3	8	1	7	4	6	5	9	2
2	7	5	9	3	1	6	8	4
4	9	6	8	5	2	7	3	1
8	2	4	6	9	5	3	1	7
6	5	3	1	7	8	2	4	9
9	1	7	3	2	4	8	5	6
1	6	2	4	8	3	9	7	5
5	3	9	2	1	7	4	6	8
7	4	8	5	6	9	1	2	3

Sogn Avis

MMS/SMS:
«Sotips» til 1982

E-post:
desk@sognavis.no

Sentralbord:
57 65 60 00